SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 13/7820-63

# Val av nye medlemmer til styret i Opplæringsfartøy

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet peikar ut to nye kandidatar til styret i Opplæringsfartøy AS for perioden 2014 til 2016:

1. …
2. …

Vedlegg:
E-post frå styremedlem og dagleg leiar Jan Torvanger (ikkje off, jf. Offl § 23.)
E-post frå Styreleiar Jan E. Holvik
Selskapet sine vedtekter (ikkje off, jf. Offl § 23.)

## SAKSFRAMSTILLING

## 1. Bakgrunn

I perioden 2012 til 2014 har styret i Opplæringsfartøy AS vore sett saman av:

Jan E. Holvik (styreleiar og utpeikt av fylkeskommunen)
Jan Torvanger (utpeikt av fylkeskommunen)
Asgeir Solheim (utpeikt av Sogn og Fjordane Fiskarlag og Sogn og Fjordane Rederiforening)

Styret har ikkje valde vara.

Valperioden for styret er to år etter aksjelova sine reglar i § 6-6. Førre val skjedde på generalforsamlinga i 2012. Det må derfor peikast ut to nye kandidatar til styret ved den ordinære generalforsamlinga i 2014.

Den ordinære generalforsamlinga er sett til 22. august 2014. Innkalling vart sendt ut per brev den 04. august 2014.

## 2. Styremedlemmars fråtreden

I e-post av 18. juni 2014 (vedlegg 2) formidla Jan E. Holvik at han ynskjer å tre frå som styrets leiar. Han skriv:

> *«Grunnen til fratredelsen er at jeg ikke kan akseptere den reduksjonen i den daglige leien som fylkesrådmannen ensidig har besluttet, uten å ta hensyn til hva det kreves av midler for å drive fartøyet på en forsvarlig måte.»*

I e-post datert 19. juni 2014 (vedlegg 1) har styremedlem Jan Torvanger underretta fylkeskommunen om at han ikkje lenger ynskjer å sitte som styremedlem i selskapet. Grunngjevinga for dette går fram av vedlegg 1 som er unnateke offentlegheit.

Fylkesrådmannen syner til sak om rapportane frå eigarutsendingar i heilt eller delvis fylkeskommunalt eigde selskap, der Opplæringsfartøy AS er omfattande handsama. I den saka er e-postane frå Torvanger og Holvik nærare kommenterte.

## 3. Vurderingar og konsekvensar

Delegeringsreglementet
I delegeringsreglementet punkt 4.1 heiter det:

> *«Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.»*

Som utgangspunkt høyrer selskapet naturleg under hovudutvalet for opplæring. Før valet i 2012 vart utpeiking av fylkeskommunale representantar gjort administrativt. Den økonomiske situasjonen i selskapet, samt den tette eigaroppfølginga fylkesutvalet har hatt av selskapet, tilseier at fylkesutvalet treffer vedtak om utpeiking for neste styreperiode. Sjå også nærare omtale av selskapet i sak om rapportar frå eigarutsendingar i heilt eller delvis fylkeskommunalt eigde selskap.

Eigarmelding 2013 – eigenskapar og kompetanse hjå fylkeskommunale styremedlemmar
I Eigarmeldinga 2013 går det fram av punkt 2.3.1 kva eigenskapar og kompetanse fylkestinget ynskjer at fylkeskommunale styrerepresentantar skal ha. Her heiter det:

> «Fylkestinget meiner at dei som sit i dei ulike styra må ha eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte som samstundes er i samsvar med selskapet sin strategi og handlingsplan.
> Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv, og styremedlemmen representerer berre seg sjølv, ikkje eigarane. Han eller ho skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane.
> Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemen er.»

Tidlegare eigarutøving ovanfor selskapet
I eigarmelding 2013 har fylkestinget formulert særskilte forventningar til selskapet på side 49:

> *«Fylkeskommunen forventar at styret syter for at drifta er tilpassa inntektene.»*

Eigarrepresentanten vart invitert til vårmøte 2014 i fylkesutvalet som eit ledd i at fylkeskommunen følgjer situasjonen i selskapet tett.

Fylkesrådmannen syner utover dette til handsaminga av selskapet i sak om rapportar frå eigarutsendingar i heilt eller delvis fylkeskommunalt eigde selskap.

Kjønnsrepresentasjon i styre
Stortinget vedtok våren 2009 krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Kravet er lovfesta i kommunelova § 80 a som syner til aksjelova § 20-6 som regulerer kjønnsbalansen i statsaksjeselskap. For at eit selskap skal kunne reknast for å vere kommunalt eit kontrollert aksjeselskap, må kommunar og fylkeskommunar til saman eige minst to tredeler av aksjane i selskapet.

Aksjelova § 20-6, 1. ledd lyder:

> ”(1) I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:
> 1. Har styret to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert.
> 2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
> Side 3 av 3
> 3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
> 4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
> 5. Reglene i nr. 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.”

Selskapet er ikkje eit statsaksjeselskap og regelen i aksjelova gjeld ikkje direkte. Fylkeskommunen sin eigarprosent er imidlertid på 77 %, noko som utgjer meir enn to tredelar av aksjane i selskapet. Dette medfører at lovkravet til kjønnsrepresentasjon i styret gjeld for selskapet.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å peike ut ein kandidat av kvart kjønn.

## 3. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å peike ut to fylkeskommunale representantar som kandidatar til styret i Opplæringsfartøy AS.